

DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokneråd

MOTTATT

21 OKT 2014

21. oktober 2014

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo


Vår ref.: 55/2014 - 001.0.
Dykkar ref:

Staten og Den norske kirke - et tydelig skille - Høringssvar.

Radøy sokneråd har i møte 15.oktober 2014 handsama høringa som sak 26/2014.

Særutskrift av møteboka er vedlagt.

Med helsing


Audun Sylta



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Særutskrift for Radøy sokneråd

Møte 2014/7

Tid: 15. oktober 2014 kl. 18.00 – 20:00

Radøy sokneråd har i møte den 15. oktober 2014 hatt fylgjande sak til drøfting:

26/2014 (F) Staten og Den norske kyrkja - eit tydeleg skilje

UTGREIING

Departementet har sendt ut høyringsnotat med forslag om endringar i Kyrkjelova. Notatet er eit ei oppfølging av Grunnlovsendingane i 2012 samt svar på Kyrkjemøtet (KM) si tinging i 2013 om å etablere Den norske kyrkja sentralt som eit rettssubjekt. Ein kan då overføra verksemds- og arbeidsgjevaransvar for prestetenesta og tilsette ved regionale og sentrale kyrkjelege organ til dette nye rettssubjektet.

Lovendingane som no vert føreslegne av departementet er å forstå som første steg på vegen mot å gje kyrkja større sjølvstende. I neste fase vil det vera aktuelt med ei mindre rammelov som regulerer forholdet mellom staten og Den norske kyrkja.

Forslaga som er tatt opp i høyringsnotatet, markerer ei viktig endring i forholdet mellom staten og Den norske kyrkja. Spørsmåla som vert drøfta er i stor grad av juridisk art.

Eit viktig mål for kyrkja er at nasjonale og regionale organ vert fristilt frå staten og får ei sjølvstendig stilling slik sokna har det i dag. Også prestane, som er statstenestemenn, bør etter kyrkja sitt syn organiserast utanfor staten og få ein ny arbeidsgjevar. Rundt 1350 prestar og 250 tilsette ved bispedømekontora og Kirkerådet vil verta direkte påverka av at kyrkja vert fristilt frå staten.

Departementet har lagt til grunn tre viktige føresetnader for forslaga:

- Grunnlova § 16 ligg fast.
- Den norske kyrkja skal framleis finansierast over offentlege budsjett.
- Sokna si rettslege og økonomiske sjølvstende skal halda fram.

Hovedmålet er å gjennomføre eit klårt skilje mellom staten og kyrkja, slik at kyrkja får ei sjølvstendig stilling i forhold til staten.

Det er føresett i reforma at soknet framleis skal vera sjølvstendig etter at det vert etablert eit nytt rettssubjekt for Den norske kyrkja. Kvar av dei 1280 sokna held fram med å vera den grunnleggjande eininga i den norske kyrkja og vil framleis vera arbeidsgjevar for sine tilsette og ha ein sjølvstendig økonomi.

Departementet føresler at det skal vera prest i kvart sokn, prost i kvart prosti og biskop i kvart bispedøme. Føremålet er å stadfeste Den norske kyrkja som ei landsomfattande kyrkje, med presteneste over heile landet. Dette er positivt.

Forslaget strekar under at soknet skal halde fram som eit sjølvstendig rettssubjekt, og at Kyrkjemøtet eller andre nasjonale eller regionale kyrkjelege organ berre kan gripe inn i soknet sine avgjerder dersom det er heimla i lova.

Departementet sitt utgangspunkt er at statens bevilgningar skal vera på same nivå som i dag. Det er ikkje gjort framlegg om endringar i Kyrkjelova §15 som gjev reglar for kommunen sitt økonomiske ansvar ovanfor kyrkjeleg fellesråd/sokneråd.

INNSTILLING

Overføring av arbeidsgjevaransvar til nytt rettssubjekt er ei logisk følge av Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013 og grunnlovsendinga i 2012.

Soknerådet ser det som viktig for å sikra ei landsdekkande folkekyrkja at det vert tatt inn i lovteksten at kvart sokn skal vera betjent av prest, jf. nytt ledd i § 2. Dette bør utdjupast i lov eller forskrift.

Soknerådet sluttar seg til det prinsipielle i at kyrkja får ei rammeløyving og sjølv fordeler midlane. Fordelinga må likevel ta omsyn til avstandar, infrastruktur og folkesamansetjing og ikkje kun fordelast etter medlemstal.

VEDTAK

Radøy sokneråd gjev følgande uttale til høyringa:

Overføring av arbeidsgjevaransvar til nytt rettssubjekt er ei logisk følge av Kyrkjemøtet sitt vedtak i 2013 og grunnlovsendinga i 2012.

Soknerådet ser det som viktig for å sikra ei landsdekkande folkekyrkja at det vert tatt inn i lovteksten at kvart sokn skal vera betjent av prest, jf. nytt ledd i § 2. Dette bør utdjupast i lov eller forskrift.

Soknerådet sluttar seg til det prinsipielle i at kyrkja får ei rammeløyving og sjølv fordeler midlane. Fordelinga må likevel ta omsyn til avstandar, infrastruktur og folkesamansetjing og ikkje kun fordelast etter medlemstal.

For Radøy sokneråd

